

Hydrogenteknologi i Hordaland – status for vedtakspunkt per 26.10.18.

#	Vedtaks punkt	Status
1.1.	Etablere nettverk med relevante aktørar, for å utveksle erfaringar og stimulere til felles initiativ.	
a)	Melde seg inn i relevante internasjonale nettverk.	Hordaland fylkeskommune har per dags dato ikkje meldt seg inn i internasjonale nettverk for hydrogen, men vurderer behovet for dette fortløpande.
b)	Etablere eit Vestlandssamarbeid for å utveksle erfaringar og koordinere innsats for hydrogeninitiativ på Vestlandet.	Vestlandsrådet har tinga ein strategi for hydrogen. Dei fire fylka samarbeider om strategien som skal opp i møte i løpet av vinteren 2018/2019.
c)	Samarbeide med andre nasjonale aktørar for å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte hydrogen som drivstoff i bil og båt, også utanfor fylket.	Gjennom det nasjonale fylkesnettverket for hydrogen er det sett ned arbeidsgrupper. Hordaland er del av arbeidsgruppa for å lage eit vegkart for utbygging av infrastruktur til hydrogen i transport. Hordaland fylkeskommune støtta og deltok i 2018 på Norsk hydrogensymposium i Tyssedal, ein nasjonal møteplass for hydrogen.
d)	Opprette ei intern arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune med deltakarar frå relevante avdelingar og seksjonar, for å koordinere initiativ og samordne ressursane.	Det er samarbeid mellom ulike seksjonar og avdelingar der dette er relevant.
1.2.	I lag med næringsliv i fylket drive fram gode prosjekt som kan bidra til å etablere ein verdikjede for hydrogen.	
a)	Nytte etablerte verkemidlar for å stimulere til klimavenlege hydrogenprosjekt i næringslivet i fylket.	Kvinnherad kommune har fått tilskot til å vurdere næringsutviklingsprosjekt innanfor hydrogen.
b)	Bidra til oppbygging av hydrogenbaserte brukarflåter, som drosje, offentlege verksemder eller andre, for å stimulere etterspurnaden etter hydrogen i fylket.	Odda kommune har fått tilskot til å sjå på potensialet for bruk av hydrogen i nyttekøyretøy i næringslivet i kommunen. Fylkeskommunen har i 2018 løyvd tilskot til 7 brenselcelledrosjer i Bergensområdet.
1.3.	Auke kompetansen om hydrogen som grunnlag for klimavenleg næringsliv.	
a)	Støtte og fremje forskingsprosjekt med hydrogen som tema, der kompetansemiljø frå fylket er deltakarar.	Hordaland fylkeskommune er partner i det nasjonale forskingsprosjektet SH2IFT om tryggleiksaspekt ved hydrogen, i lag med næringslivsaktørar i fylket.
1.4.	Bidra til utbygging og planlegging av naudsynt infrastruktur for å realisere hydrogenrelaterte prosjekt i fylket.	I 2018 opna den første hydrogenfyllestasjonen i Bergen. Stasjon nr to er venta å opne snart. Fylkeskommunen har fått tilskot frå Klimasats for å greie ut tryggleiksaspekt ved hydrogeninfrastruktur i Bergen og Florø hamn. Prosjektet er eit samarbeid med Bergen og Omland havnevesen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Flora kommune.

1.5.	Bidra til å betre rammevilkåra som kan gjere fossilfri hydrogen sterkare i konkurransen med fossile energikjelder.	Gjennom fylkesnettverket jobbar Hordaland fylkeskommune med å betre rammevilkåra for fossilfri hydrogen.
2.	Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.	
3.	Ved neste rullering av Klimaplan for Hordaland bør ein vurdere å ta inn dokumentet i planen.	Klimaplan for Hordaland blir ikkje revidert før ny regionalplanstrategi ligg føre.
4.	Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt.	HVL vil, i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre aktørar i regionen, tilby eit kurs i hydrogenteknologi som del av ingeniørutdanninga. Dette er ikkje starta opp, og vil følgjast vidare.